

# Revisjonskrav for Røldal-Suldal

Vedteke av kommunestyre i Suldal kommune 05.09.19  
og i formannskapet i Odda kommune 04.10.19



# Innhold

|     |   |    |
|-----|---|----|
| 1   | Innleiande del.....   | 2  |
| 1.1 | Kvifor revisjonskrav no? .....                                  | 2  |
| 1.2 | Kvifor nye miljøkrav? .....                                     | 2  |
| 1.3 | Omfanget av revisjonskravet.....                                | 3  |
| 1.4 | Kort om utbygginga .....  | 3  |
| 1.5 | Standardvilkår, miljøforbetringar og frivillig avtale .....     | 4  |
| 1.6 | Revisjon og vassforskrifta .....                                | 5  |
| 1.7 | Vasskraftproduksjon og naturomsyn – miljødesign som metode..... | 6  |
| 1.8 | Minstevassføring og krafttap .....                              | 7  |
| 1.9 | Opprusting og utviding (O/U) i samband med revisjon .....       | 7  |
| 2   | Problem, tiltak og krav .....                                   | 8  |
| 2.1 | Hovudkrav .....   | 8  |
| 2.2 | Vassmiljø.....  | 8  |
| 2.3 | Villrein.....   | 10 |
| 2.4 | Kulturminne.....  | 13 |
| 2.5 | Landskap, friluftsliv og reiseliv .....                         | 13 |
| 3   | Konsesjonssøker sitt lokalsamfunnsansvar (CSR).....             | 18 |
| 4   | Prioriteringar .....  | 18 |
| 5   | Vedlegg .....   | 18 |

# 1 Innleiande del

## 1.1 Kvifor revisjonskrav no?

Det blei gitt samtykke til utbygging av Røldal-Suldal i 1962. Denne konsesjonen utgår i 2022. I den samanheng har kommunane rekna med at det vil medføra full konsesjonshandsaming, men det er det ikkje sikkert det blir. Hydro Energi AS, som er operatør og majoritetseigar av anlegga, er i gang med ein prosess der målsettinga er å etablere eit eigarskap for anlegga som vil innebere at reguleringskonsesjonane kan gjerast om til ein tidsuavhengig konsesjon for det nye selskapet. Dette vil samtidig gi muligheit til å krevje revisjon av konsesjonsvilkåra.

Uavhengig av om det blir full konsesjonsbehandling eller ein revisjon av konsesjonsvilkår, er det naudsynt med kartlegging, innsamling av data og analyse av behov og muligheiter for endringar av vilkåra, innanfor lovens rammer og retningslinjer.

### Avtale mellom Hydro og kommunane om ein utgreiingsplan

Odda og Suldal kommune har underteikna ein avtale med Hydro Energi AS der den overordna målsettinga er å leggje til rette for ein god og effektiv felles prosess frem mot ein eventuell revisjon av konsesjonsvilkåra, denne er vedlagt. Avtalen skisserer korleis ein skal gjennomføre og følge opp av ein utgreiingsplan.

Partane i avtalen er innforstått med at ein ny konsesjonær vil kunne ha andre synspunkt på innhaldet av eventuelle nye konsesjonsvilkår enn det Hydro Energi AS og kommunane har.

Bakgrunnen for at kommunane nå krev miljørevisjon er at me ikkje kan risikera at alt arbeid som no er i gong blir sett til sides viss ein ny eigar kjem inn i selskapet, og at me då om fleire år må krevja revisjon.

Odda og Suldal kommune ønskjer å fortsette det gode arbeidet som no er i gong med noverande eigar av selskapet.

## 1.2 Kvifor nye miljøkrav?

Vassdragsregulering påverkar dei fysiske forholda i vassdrag slik som vassføring, vass temperatur og vasskvalitet. Slike endringar har ofte ein negativ effekt på fisk og andre ferskvassrelaterte artar. Også økosystemet på land blir påverka, villreinen kan til dømes miste sitt funksjonsområde på bakgrunn av at trekkområde blir neddemt. Vatn og vassdrag er også ein sentral del av naturopplevinga i samband med friluftsliv og reiseliv.

Bakgrunnen for revisjonsbestemmelsen er eit behov for å forandre og ajourføre eldre konsesjonar som blei gitt i ei tid da det ikkje blei stilt same miljøkrav ved utbygging som no. Dermed kan ein oppnå betre samsvar mellom vilkår i eldre konsesjonar og dagens lovverk og miljøstandardar. I dag er det t.d. vanleg at det blir pålagt minstevassføring ved ny kraftutbygging.

Krav om minstevassføring og magasinrestriksjonar er vanlig i revisjonssaker. Slike tiltak vil kunne gi vesentlege miljøforbetringar, samstundes vil det kunne medføre reduksjon av energiproduksjonen.

Vassforskrifta krev at det blir sett miljømål for alle vassførekomstar og at det blir sett inn forbetringstiltak der miljøtilstanden ikkje er god nok. Vasskraftregulering utgjer ein vesentlig

påverknad i Odda og Suldal kommune sine vassførekomstar. Heile konsesjonen sitt nedbørsfelt ligg i Ryfylke vassområde, vassregion Rogaland.

Det er store natur og landskapsverdiar innanfor Røldal-Suldal sitt nedbørsfelt. Her er to elver som er eller har eit potensiale som lakseførande. Her er areal i landskapsvernområde. Fjellområda er nasjonale villreinområde og inngår i europeisk villreinregion sør. Både låglandet og fjellet er viktige i turismesamanheng, mens nedre delar er viktige for nærmiljøet.

### 1.3 Omfanget av revisjonskravet

Retningslinjene for revisjon<sup>1</sup> er eit sentralt dokument for utarbeidinga av kravet. Her heiter det:

*Et krav om revisjon vil være tilstrekkelig begrunnet med en beskrivelse av hvilke skader og ulemper som må avbøtes, hva som er utilfredsstillende eller ikke fungerer og hvorfor, og eventuelt forslag over hvilke type tiltak og endringer det eventuelt kan være behov for.*

Retningslinjene fortel og kva som er omfatta av ein revisjon. Det er bare konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen, som for til dømes høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vassstand (LRV). Privatrettslige forhold er ikkje omfatta og normalt heller ikkje økonomiske vilkår og økonomisk kompensasjon for miljøulemper.

I prosessen mot eit revisjonskrav har Suldal kommune sendt ut skriv til aktuelle myndigheiter, grunneigarar, organisasjonar og lag der ein har invitert til å koma med innspel. Odda kommune har informert gjennom sine nettsider. Vidare er det saman med Hydro arrangert eit felles folkemøte i Røldal angående utgreiingsprogrammet. Her blei det og poengtert at kommunane ville førebu eit revisjonskrav og at ein kunne komme med innspel. Saka var omtalt i lokalmedia (Hardanger Folkeblad).

### 1.4 Kort om utbygginga

Konsesjon for Røldal-Suldal blei gitt i 1962<sup>2</sup>. Utbygginga på 60-tallet sørger for energiforsyning til Hydro sitt første aluminiumsverk på Karmøy.

Kraftanlegget består av magasin, bekkeinntak og tunnalar som leiar vatn gjennom kraftverk som strekker seg langs Røldals- og Suldalsvassdraget ned til Suldalsvatnet. Kraftverka er Middy, Svandalsflona, Novle, Røldal, Suldal I, Suldal II og Kvanndal kraftverk.


I dei seinare år har Hydro bygd to nye kraftverk, Vasstøl (2012) og Midtlæger (2016). Dette etter eigne konsesjonar.

Dei totalt ni kraftverka i Røldal-Suldal produserer omtrent 3,2 TWh, noko som svarar til straumforbruket til omlag 190.000 norske heimar. Kraftverka har eit nedbørsfelt på 793 km<sup>2</sup> og ein magasinkapasitet på 833 millionar m<sup>3</sup>.

---

<sup>1</sup>[Olje- og energidepartementets retningslinjer for revisjonssaker av 25.05.2012](#)

<sup>2</sup> <https://www.nve.no/kdb/sc46.pdf>



Oversiktskart over Røldal-Suldal. Kjelde: Hydro

## 1.5 Standardvilkår, miljøforbedringar og frivillig avtale

Standardvilkår, blant anna om naturforvaltning, blir fastsett av vassdragsmyndighetene for alle nye vassdragskonsesjonar. Vilkåra gir miljømyndigheitene heimel til å påleggje konsesjonær undersøkingar om kva konsekvensar kraftproduksjonen har for økologien i vassdraget samt enkelte avbøtande tiltak for å redusere dei negative konsekvensane.

I Naturmeldinga<sup>3</sup> og Energimeldinga<sup>4</sup> blir det slått fast at regjeringa vil bruke standardvilkår for naturforvaltning meir aktivt til å forbetre tilstanden i utbygde vassdrag.

<sup>3</sup> [Meld. St. 14 \(2015–2016\) - Natur for livet](#)

<sup>4</sup> [Meld. St. 25 \(2015-2016\) – Kraft til endring](#)



### Miljøforbetringar bør starte nå

Ei revisjonssak kan være tid- og ressurskrevjande. Dette inneberer at det kan ta lang tid å få til miljøforbetringar. Det at nye konsesjonsvilkår ikkje er vedtekne, og dermed heller ikkje standard naturforvaltningsvilkår, bør ikkje vere til hinder for at ein kan få gjennomført fleire miljøtiltak før nye vilkår er vedtekne. Dette er då tiltak konsesjonshavar og kommunane må bli einige om. Det er venta at undersøkingane som blir gjennomført etter avtale mellom Hydro og kommunane vil føreslå fleire konkrete tiltak. Rapportane er venta lagt fram i 2020.

## 1.6 Revisjon og vassforskrifta

EUs rammedirektiv for vatn og den norske vassforskrifta er sentrale i revisjonsprosessen. Revisjon av konsesjonsvilkår vil være eit sentralt virkemiddel for å betre miljøtilstanden, noko som er eit hovudmål i vassforskrifta. Men det er òg viktig å understreke at revisjon omfattar meir enn miljømåla; revisjon omfattar alle vilkår som er sett i konsesjonen og som regulerer tilhøvet mellom konsesjonær og dei allmenne interessene i vassdraget.

Sterkt påverka vassdrag blir etter vassforskrifta kalla sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF). Sjølv med realistiske avbøtande tiltak er det i desse ikkje mogleg å nå miljømåla som gjeld for naturlege vassførekomstar (god økologisk tilstand, GØT). Hovudregelen er at miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar er godt økologisk potensial (GØP). Miljømåla er spesifikke for den enkelte SMVF, og er tilpassa den samfunnsnyttige bruken av vassførekomsten. Miljømålet GØP kan justerast basert på ny kunnskap eller endring i vurderinga av kva som er nyttig for samfunnet. Samstundes er det eit krav at også GØP-ar skal tilfredsstillе krava til «fungerande akvatisk økosystem».

Forskrifta har også bestemmelsar om unntak frå miljømåla, blant anna mindre strenge miljømål (MSM) og mulighet til å tillate ny verksemd, sjølv om dette medfører at miljømåla ikkje nås. Når det gjeld mindre strenge miljømål er dette ofte aktuelt der vassførekomsten er så påverka at det er umogleg eller urimeleg kostnadskrevjande å nå miljømåla. Bekkar nedanfor bekkeinntak der det ikkje finst vatn eller andre realistiske avbøtande tiltak, er eit typisk døme der det blir ofte blir nytta mindre strenge miljømål.

«Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016-2021» blei godkjent av Klima- og Miljødepartementet (KLD) i juli 2016. Følgjande moment frå planen er viktige i forhold til saka:

- Generelt blir det peika på kunnskapsmanglar kva angår vassmiljøet. Ny kunnskap er derfor prioritert.
- Planen prioritere arbeidet med ny konsesjon for den del av Røldalsvassdraget kor eksisterande konsesjon utgår i 2022. Dette for å betre økologisk miljøtilstand.
- Konsesjonsprosesser tar lang tid, derfor bør konsesjonsprosess for Røldal-Suldal starta i 2016. Det bør gjennomførast full konsesjonsbehandling.
- Omsyn til vassmiljøet og krava i vassforskrifta må prioriterast og avklarast gjennom konsesjonsprosessen.

### Magasina

Valldalsvatnet, Votnavatn, Nupstjørn og Kaldevatn er oppført med moderat økologisk potensial som miljømål (mindre strenge miljømål), dei andre magasina har «Godt økologisk potensiale» (GØP) med mål om å sikre forhold som gir sjølvproduserande stammar av innlandsaure. Magasinet Kvanndalsfoss er ikkje nemnd i vassforvaltningsplanen eller i vann-nett.

## Elvene

Når det gjeld elveførekomstar går det fram av vedlegg 5 i vassforvaltningsplanen at 32 elveførekomstar knyt til Røldal-Suldal er vurdert. I atten av desse er ingen tiltak foreslått og har fått mindre strenge miljømål (MSM) definert som dagens tilstand.

I 11 av vassførekomstane er det foreslått problemkartlegging, men at målet i utgangspunktet er mindre strenge miljømål (MSM) definert som dagens tilstand. Dette er:

- Risbuelva (øvre)
- Klauvfossen
- Havreåna
- Storelva
- Grytjuvet
- Kvesso
- Novlefoss
- Kaldevasselva
- Nyastølselva
- Øynoelv
- Gjertrabekken

## Vedtak i Departementet

I vassforvaltningsplanen som blei vedteke av Rogaland fylkeskommune blei 3 vassførekomstar sett til å ha godt økologisk potensiale (GØP) som mål. Dette var i Stølsåna (nedre) der miljømålet er spesifisert å sikre forhold som gir sjølvproduserande stammar av innlandsaure. Dei to andre var Roalkvamsåno og Brattlandsdalsåno der auka bestand av laks i anadrom strekning er sett som eit økologisk miljømål. I Klima- og miljødepartementet si godkjenninga av planen (4.7.2016) blei målet for Roalkvamåno og Brattlandsdalsåno endra til mindre strenge miljømål for planperioden.

Det går fram av departementet sitt godkjenningbrev (4.7.2016) at ein er samd i at kunnskapsgrunnlaget for vassdrag påverka av vasskraft i vassregion Rogaland er for dårleg. Det er eit behov for å etablere eit betre kunnskapsgrunnlag for framtidige vurderingar av miljømål, dersom føresetnaden om grunngjeving av miljømål og kost-nytte vurderingar skal vera oppfylt. Det er etter vassforskrifta og dei aktuelle sektorlovar, sektormyndas ansvar å innhenta desse opplysningane.

## 1.7 Vasskraftproduksjon og naturomsyn – miljødesign som metode

Bakgrunnen for ein revisjon er eit behov for å fornye eldre konsesjonar. Dagens miljøkrav, miljøstandardar og kunnskap er annleis enn då konsesjonen blei gitt.

I nyare tid har forskning funne løysingar for korleis vasskraftproduksjon og omsyn til natur betre kan gå hand i hand. Dette blir kalla miljødesign. Dette er ein metode for å ta vare på dyr og natur samstundes som man produserer lønnsam fornybar energi.

Eit miljødesign-prosjekt består av to hovuddelar. I første fase stiller man ein diagnose for vassdraget. Her er det viktig å trekke inn tilgjengeleg kunnskap av ulike type. Kraftselskap, myndigheter og lokale har og kan formidle varierende kunnskap. Basert på diagnosen for vassdraget, blir det designa tiltak som skal sikre gode kår for fisken der det ikkje er godt nok. Dette kan til dømes vere å spesialtilpassa vassføringa etter fisken sitt behov gjennom året, eller det kan vere å gjere forbetringar i elveløpet.

Samstundes er det viktig å sjå på muligheiter for å auke kraftproduksjon med ein anna bruk av vatnet eller endra drift som ikkje påverkar miljøet negativt.

Nærare om miljødesign for laks er omtalt i «Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag»<sup>5</sup>. «Tiltakshåndbok for betre fysisk vannmiljø»<sup>6</sup> gir oversikt over god praksis i miljøforbetrande tiltak i elver og vassdrag.

Kommunane meiner dette vil vere ein god tilnærming og metode og for å oppnå gode løysingar der ein tek omsyn til både miljø og kraftproduksjon.

## 1.8 Minstevassføring og krafttap

Nedstraums dei mange magasin og bekkeinntak i reguleringa er det i dag, jamfør manøvreringsreglementet<sup>7</sup>, ikkje krav om minstevassføring. I revisjonskravet blir minstevassføring fremma som eit aktuelt tiltak i nokre elver, men med ulikt formål:

- å sikre eit godt livsmiljø for akvatiske planter og dyr, deriblant aure og laks. Saman med habitatjusterande tiltak kan sjølv avgrensa vassmengd gi store forbetringar. Kor mykje vatn ein treng må avklarast gjennom miljødesign, t.d. Brattlandsdalsåna og Roalkvamsåna.
- å sikre ei tilpassa vassføring der dette er viktig for oppleving og turisme, t.d. Novlefoss.

Pr i dag manglar det eit godt kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere kva som er dei beste konkrete tiltaka, t.d. biotopforbetrande tiltak eller storleik på minstevassføring. Undersøkingane som no føregår vil kunne danne eit grunnlag for å kunne sette nye konsesjonsvilkår og gode avbøtande tiltak. Om det viser seg at utgreiingsprogrammet er mangelfullt må nye undersøkingar gjennomførast.

Innføring av minstevassføring for å betre miljøtilstanden vil kunne føre til mindre produksjon og dermed tapte inntekter for produsent, men og mindre skatteinntekter for kommunane. Det påverkar også klimarekneskapet. I denne samanheng er det to forhold som er relevant å nemne:

1) Jamfør retningslinjer for revisjon er opprusting og utviding (O/U) av eksisterande vasskraftprosjekter relevant å vurdere i samanheng med ein revisjon (sjå nedanfor).

2) I den totale vurderinga må ein ta omsyn til at reguleringa utnyttar eit stadig aukande tilsig (auka nedbørsmengde), og at kraftproduksjonen gradvis aukar samanlikna med det som låg til grunn då konsesjonen blei gitt.

## 1.9 Opprusting og utviding (O/U) i samband med revisjon

Ny teknologi og auka økologisk innsikt kan gjere det realistisk å vidareutvikle eksisterande vassdragsregulering på ein miljømessig, teknisk og økonomisk gunstig måte. Nytt vatn inn i reguleringa kan auka kraftproduksjon, og dermed også gi større fleksibilitet når det gjeld å ta omsyn til nye miljøkrav. Kombinasjon av O/U og nye miljøkrav vil dermed kunne gi muligheiter for i større grad å avbøte skader og ulemper pga av kraftutbygginga, samstundes som kraftproduksjonen kan oppretthaldast og i nokre tilfelle aukast.

<sup>5</sup> <http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/temahefte/052.pdf>

<sup>6</sup> [https://uni.no/media/manual\\_upload/LFI\\_296\\_4opplag.pdf](https://uni.no/media/manual_upload/LFI_296_4opplag.pdf)

<sup>7</sup> <https://www.nve.no/kdb/sc46.pdf>



I lys av dette må eventuelle O/U prosjekt komme klart fram.

Utgreiingar og vurdering av miljøkrav vil vere dei same uavhengig om det føreligg O/U eller ikkje.

## 2 Problem, tiltak og krav

### 2.1 Hovudkrav

Hydro er i gang med ein prosess der målsettinga er å etablere eit eigarskap for anlegga som vil innebere at reguleringskonsesjonane kan gjerast om til ein tidsuavhengig konsesjon for det nye selskapet. Under føresetnad at dette skjer krev Odda og Suldal kommune at det blir opna revisjonssak for fastsetting av nye vilkår for Røldal-Suldal. Formålet er å betre miljøforholda. Standard vilkår må tas inn i ny konsesjon, og den må tilpassast ny kunnskap om natur og miljø, samt endringar i samfunnsutviklinga. Miljøundersøkingar må følgjast opp med konkrete tiltak.

Eventuelle opprusting og utvidingsprosjekt må sjåast i samanheng med revisjonen.

Nye vilkår bør seinast gjelde frå 1. januar 2023 då noverande konsesjon utgår.

### 2.2 Vassmiljø

Vassforskrifta krev at det blir sett miljømål for alle vassførekomstar og at det blir sett inn forbetringstiltak der miljøtilstanden ikkje er god nok.

#### 2.2.1 Måloppnåing etter vassforskrifta

Miljømål for alle vassførekomstar i konsesjonsområde er gitt i gjeldane vassforvaltningsplan. Det er gjort greie for dette i kap. 1.6.

Kommunane meiner at godt økologisk potensial (GØP) må vere miljømål i alle kraftmagasin i konsesjonsområde. For å oppnå dette må ein innhente kunnskap om dagens tilstand og sette i verk tiltak for å kunne nå målet.

For dei 11 elvestrengane der det er føreslått problemkartlegging må framtidias miljømål og tilhøyrande tiltak vurderast etter at ny kunnskap er på plass. Utgreiingar må altså prioriterast også for desse (inngår per i dag ikkje i utgreiingsprogrammet).

For Brattlandsdalsåno og Roalkvamsånoma må det gjennomførast tiltak i tråd med eit miljødesignprosjekt (sjå nedanfor).

#### Innlandsfisk og framande arter

I gjeldande konsesjon er det krav om utsetting av aure i ei rekke vatn. Det er innanfor norsk fiskeforvaltning i dag aukande fokus på at det skal etablerast permanente løysingar som sikrar sjølvrekruttering og reduserer behovet for utsetting. Dette kan til dømes gjerast i form av utbetring av gytebekker, fjerning av vandringshindre og/eller andre tiltak.

Det er av allmenn interesse at det er gode fiskemuligheiter i regulerte vassdrag i heia og det må vurderast korleis dette skal sikrast ivaretatt. Ein må unngå overbefolka vatn.

I nærliggande konsesjonærområde finst bekkerøye (Sauda, Vinje-Tokke, Ulla-Førre). Dette er ein framande og uønskt art me ikkje kjenner til om finst i området. Ørekyt er også uønskt, denne er funne i Suldalsvatnet. Det er viktig å ha fokus på dei framande artene, mellom anna for å hindre vidare spreiding via tunellar og anna kraftrelatert aktivitet.

Det må utarbeidast ein revidert plan for å optimalisera fiskeforvaltninga i heile konsesjonsområdet. Det må spesielt vektleggjast god fiskeforvaltning i dei vatna som er økologisk mest gunstige og som er mest aktuelle sett frå friluftinteressene i nedslagsfeltet.

**2.2.2 Brattlandsdalsåno, Stølsåna (nedre) og Roalkvamsåno for anadrom fisk og storaure**  
Suldalsvassdraget er sterkt regulert (Røldal-Suldal 1965-1967, Ulla-Førre 1979-1986). Reguleringane har medført redusert ungfiskproduksjon i lakseførande del. Ein har her hatt ein spesiell fokus på Suldalslågen, men anadrom strekning går vidare frå Suldalslågen til Suldalsvatnet og opp i fleire elver. Roalkvamsåno og Brattlandsdalsåno er her sentrale. Nedre Stølsåna er ei sidegrein til Roalkvamsåno. Me har i dag liten kunnskap om desse elvane og om kva potensiale dei har som gyte og oppvekstområde.

Storauren i Suldalsvatnet er den eine av to storaurebestandar i Rogaland. Ein slik bestand utgjer ei genetisk distinkt gruppe som har beite-, vekst- og kjønnsogningskarakteristika som skil den frå andre grupper av aure i den same eller andre innsjøar, og som har gytelokalitetar der det også kan gyte mindre aure. I følge «Fiskeundersøkingar i Suldalsvatnet i 2013»<sup>8</sup> gyt storauren i Roalkvamsåno, og sannsynlegvis i Brattlandsdalsåno og Kvilldalsåno (sistnemnde i Ulla- Førre).

Det må gjerast tiltak for å betra miljøtilhøva i elvene.

#### Særskild for Roalkvamsåno:

Skal me oppnå betring i miljøtilstand må det gjerast mange ulike tiltak.

Tiltak for å redusera erosjon og masseflytting er eit grunnleggjande tiltak. Det er nå ein stadig erosjon og massetransport i elva som trugar areala langs elva og elva som naturbiotop. Mest akutt er erosjonen nedanom Bråhøl, som i tillegg til lokal skade, fører storsteina masser nedover elva.

Det må lagast ein forbyggingsplan som stabiliserer elva og etablerer ein djupål med høve til ein vasstreng. Deretter kan ein gjere tiltak for å betre naturtilhøva i og ved elva, deriblant biotopforbetrande tiltak for fisk og andre naturverdiar. Tersklar bør vurderast, blant anna ved Bråhøl og Kaldhøl.

Hydrologisk berekning må gi grunnlag for kva miljøtilpassa vassføring som kan etablerast. Enklast er det å sleppe vatn frå inntaksmagasinet på Kvanndalsfoss 630 moh, men for å ha straumproduksjon bør det vurderast å etablere eit minikraftverk som slepp ut vatnet på omlag 200 moh.

#### Økosystemtilnærming og fagråd

Me vil her understreka at det er naudsynt med ei økosystemtilnærming. Både i forhold til storaure i Suldalsvatnet og anadrom fisk i Suldalsvassdraget må ein sjå på heilskapen. Tiltak i Suldalslågen (Ulla-Førre) vil t.d. kunne påverke økologien i Roalkvamsåno og motsett. Me vil her vise til §10 (økosystemtilnærming og samla belastning) i naturmangfaldlova og at heilskapleg forvaltning av vassførekomstane er formålet med vassforskrifta. Ein må derfor sjå dette i samheng med tiltak knytt til Ulla-Førre konsesjonen. Samarbeid er derfor viktig.

---

<sup>8</sup> [Sægrov, H. 2014. Fiskeundersøkingar i Suldalsvatnet i 2013. Rådgivende Biologer AS, rapport 1902, 32 sider](#)

Det er under planlegging eit fagråd for Suldalslågen/Suldalsvassdraget. Med utgangspunkt i ei økosystemtilnærming meiner me at det geografiske området bør inkludere heile den anadrome strekninga i Suldalsvassdraget. Ei føresetnad for at dette skal kunne fungere er at konsesjonshavar både for Røldal-Suldal og Ulla-Førre er aktiv deltakande partar i fagrådet.

### 2.2.3 Forureining frå steintippar

Erfaring viser at i eldre steintippar kan det ligge avfall som ikkje burde vore der. Ein må overvake vasskvalitet nedanfor steintippene for å avdekke eventuell forureining. Om naudsynt må tiltak gjennomførast.

### 2.2.4 Vassmiljø i utgreiingsprogrammet

Som ein del av avtalt utgreiingsprogram mellom Hydro og kommunane blir det no gjennomført ei kartlegging av dagens tilstand i Brattlandsdalsåno, Stølsåna (nedre) og Roalkvamåno for å gi grunnlag for å vurdere tiltak. Utgreiinga nyttar miljødesignmetodikk (sjå kap. 1). Det blir også gjennomført ein tilstandsstatus i alle magasin med utgangspunkt i moglegheit for sjølvrekruttering av aure.

### 2.2.5 Oppsummering av krav

Tiltak må gjennomførast for å nå måla etter regional vassforvaltningsplan og vassforskrifta.

Me har i dag for lite kunnskap om vassførekomstane. Dette vil bli betre med undersøkingane som no blir gjennomført etter utgreiingsprogrammet. Elveførekomstar som per i dag ikkje inngår i utgreiingsprogrammet må også undersøkast og framtidens miljømål og tilhøyrande tiltak må vurderast etter at ny kunnskap er på plass.

Det må utarbeidast ein revidert plan for å optimalisera fiskeforvaltinga i heile konsesjonsområdet. Det må spesielt vektleggjast god fiskeforvalting i dei vatna som er økologisk mest gunstige og som er mest aktuelle sett frå friluftsiinteressene i nedslagsfeltet. Ein må leggje mest mogleg til rette for sjølvrekruttering. Ein må ha fokus på uønskt fiskeslag som ørekyt og bekkerøye.

Med bakgrunn i ny og relevant kunnskap må det gjennomførast tiltak for å betra miljøtilhøva i Brattlandsdalsåno, Stølsåna (nedre) og Roalkvamåno. Miljøtilpassa vassføring, erosjonsførebyggande og biotopforbetrande tiltak må inngå. Målet må vere eit godt økologisk potensiale der storaure og anadrom fisk har gode levevilkår.

Ein må overvake vasskvalitet nedanfor steintippene for å avdekke eventuell forureining. Om naudsynt må tiltak gjennomførast.

## 2.3 Villrein

Røldal Suldal sitt konsesjonsområde ligg i dels i Hardangervidda villreinområde, men aller mest i Setesdal Ryfylke villreinområde. Sistnemnde er det villreinområde i landet som har størst belastning av kraftutbygging. Tiltak er naudsynt for å betre trekkmoglegheiter for villreinen til ulike funksjonsområde.

### 2.3.1 Internasjonalt ansvar

I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandane av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. I St.meld. 21 2004-2005 blei villreinen løfta fram som ein vesentleg nasjonal miljøverdi, og det blei fastsatt eit nasjonalt mål om at villreinen sitt leveområde skal sikrast. Dette blei seinare følgt opp i St.meld 26 (2006-2007) og det er no godkjente planar med konkret avgrensing og retningslinjer for 10 nasjonale villreinområde. Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke er blant desse.

### 2.3.2 Kraftregulering og fragmentering av villreinen sine leveområde i Setesdal - Ryfylke

Som nemnt er det mange store kraftutbyggingar i Setesdal Ryfylke. I tillegg til Røldal-Suldal har ein mellom anna Vinje-Tokke, Øvre Otra, Ulla-Førre og Sira-Kvina. Alle dei nemnte er i ein prosess med vilkårsrevisjon.

Her er store magasin og det er etablert anleggsveggar og kraftliner. I tillegg er her eit omfattande løypenett med tilhøyrande hytter for fotturisme. Desse inngrepa påverkar villreinen kvar for seg, men har ofte også ein forsterkande effekt på kvarandre.

Resultat frå undersøkingar i området viser i hovudtrekk at dyra sin arealbruk i aukande grad har vorte styrt av dei store vassdragsreguleringane. Gamle trekkruiter er neddemt og nye barrierar er oppstått.

Ein har mellom anna ein sterk barriereeffekt vest for nord-søraksen Blåsjø-Svartevatn slik at det har vorte tyngre tilgjengeleg og lite brukt av reinen. I tillegg er det lite utveksling av dyr mellom sør og nord for Blåsjø. I praksis ser det no ut som to delstammar.

### 2.3.3 Villreinen i konsesjonsområde

Store delar av konsesjonsområde ligg i nasjonalt villreinområde. Delar av området er og verna som Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde der eit av hovudmåla er vern av villreinen. Mellom desse ligg Holmavassåno biotopvernområde der føremålet er å sikre viktige trekkveggar for villreinen. Det er i dette området mellom dei regulerte magasin Sandvatnet og Holmevatnet ein finn hovudtrekket mellom Dyraheio og Kvanndalen. Dette er eit område tungt påverka av kraftutbygginga.

1) To kraftlinjer og anleggsveg kryssar området. I tillegg går det ein sti i trekket, under Gravetjørnnuten. Vegen er med bom, stien er ikkje merka av turistforeininga, likevel ser det til at menneskeleg aktivitet redusere trekkaktiviteten i sommarmånadane. Trafikk på og nær vegen er ei viktig utfordring i arbeidet med sikring av villreinen sin bruk av området.

2) Magasinvatnet i Holmavatn blir tappa i elveleiet til inntaksmagasinet Sandvatn, hovudsakeleg om vinteren. Dette er skadeleg både for natur- og friluftsliv. Verst er kanskje at villreinen ikkje finn gode trekkveger nordover sidan Holmavassåno går open om vinteren.





Eit avbøtande tiltak vil vere å etablere to tersklar på naturlege stader som sterkt utvidar eksisterande hølar i elva. Dette vil betre fisketilhøva og landskapet, truleg og gi sikrare is, noko som vil betra trekktilhøva for villreinen.

Andre forhold som kan ha påverknad:

- Andre anleggsveggar
- Andre vinteropne elveleier
- Isforhold på reguleringsmagasina
- Stengde trekkveggar pga regulering/manøvreringsreglement
- Påverknad for utveksling med Hardangervidda, Votnavatnet/E134

### 2.3.4 Villreinen i Setesdal Ryfylke og regionale tiltak

Dei seinare åra er det gjort eit monaleg kartleggingsarbeid av villreinen sin bruk av Setesdal Ryfylke. Det synast i den samanheng til NINA Rapport 694 (2011) og 1457 (kjem 2019). Sistnemnde er ein sluttrapport for eit nytt GPS-merkeprosjekt starta i 2013. Eit overordna mål for prosjektet var å få villreinen til å bruke ein større del av heiområdet. Denne målsettinga og aktuelle tiltak for å nå målet bygger på anbefalingar gitt i rapport 694. Det er til saman utarbeida ei rekkje forslag til avbøtande tiltak som kvar for seg kan bidra til å betre villreinen sine beite og vandringsmuligheiter. Alle dei mest kritiske areala (fokusområda) som det blir peika på i rapporten ligg lengre sør i villreinområde enn Røldal-Suldal.

I sin innstilling til revisjon av konsesjonsvilkår for Sira- og Kvina-reguleringane skriv NVE at tiltak for villrein må vurderast for villreinområdet som heilheit, og ikkje for den enkelte revisjon aleine. Me er, slik me også oppfattar villreininteressene å vere, einig med NVE om at ein må vurdere større tiltak utifrå ein samla belastning for villreinområdet. Dette gir rom for at ein kan finne dei beste tiltaka totalt sett. Alle kraftutbyggingane i området har i større eller mindre grad bidrege til dei problema villreinstamma har i dag. Ein må likevel gjennomføre avbøtande tiltak på stadane dei har størst effekt. Då det er lite realistisk å opne gamle trekkveggar ved å endre reguleringsmagasin, handlar dette i stor grad om å avgrense eller leggje om menneskeleg ferdsel. Tiltaka må gjennomførast på bakgrunn av faglige anbefalingar frå FoU-prosjekta.

GPS-merkeprosjektet har ei kopling til EnergiX-prosjektet «Renewable Reindeer» som har eit sterkt fokus på vasskraftutbygginganes effektar på villrein og vurdering av effektar av moglege avbøtande tiltak. Rapportering frå dette forskningsrådsprosjektet er venta i 2020.

### 2.3.5 Villrein i utgreiingsprogrammet og lokale tiltak

Som ein del av avtalt utgreiingsprogram mellom Hydro og kommunane blir det no gjennomført ei utgreiing om villrein basert på eksisterande rapportar og samtalar med forvaltninga og fagmiljø. Det er venta at det blir skissert forslag til avbøtande tiltak i konsesjonsområde.

### 2.3.6 Oppsummering av krav

Forvaltning og bevaring av villreinen sine leveområder er ei krevjande oppgåve som fordrar til samarbeid og tillit mellom mange ulike brukarinteresser og sektorar, deriblant konsesjonshavar.

Dei mange kraftmagasina i Setesdal Ryfylke villreinområde har stengd tradisjonelle trekkveggar for villrein og skapt tronge attverande trekkpassasjer. I tillegg gir anleggsveger auka ferdsel. Framtidige

tiltak handlar om å legge forholda til rette for ein robust utvikling som kan handtere framtidige endringar i ferdsel og bruk.

Alle revisjonar av konsesjonsvilkår innan villreinområde må ses i samanheng og større tiltak må gjennomførast på tvers av konsesjonsgrenser. Kraftselskapet bak Røldal-Suldal må ta sin del av kostnaden med aktuelle avbøtande og kompenserande tiltak i villreinområdet som heilheit.

Avbøtande tiltak innanfor konsesjonsområde må bli sette i verk jamfør ny kunnskap. Me forventar at ferdsla på vegen til Holmevatnet blir vurdert nøye, det same gjeld tersklar i Holmevassåno.

## 2.4 Kulturminne

Det er registrert automatisk freda kulturminne langs vassdraga innanfor konsesjonsområdet. Det er også eit potensial for ytterligare funn av både automatisk freda og nyare tids kulturminne. Pr i dag er me ikkje kjend med tilstanden til kulturminna i erosjonssona.

### 2.4.1 Kulturminne i utgreiingsprogrammet

Som ein del av avtalt utgreiingsprogram mellom Hydro og kommunane blir det no gjennomført ei utgreiing om kulturminne som er basert på eksisterande registreringar og rapportar. Forslag til tiltak må følgjast opp. Dersom det viser seg at det er naudsynt med feltundersøkingar for å danne eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag, må ein gjere dette.

### 2.4.2 Oppsummering av krav

Ein må ha ein oversikt over kulturminneinteressene i og langs vassdraga, samt ein oversikt av skade på kulturminner i erosjonsbeltet. Denne kunnskapen må nyttast for å sikre kulturminna gjennom tiltak.

## 2.5 Landskap, friluftsliv og reiseliv

### 2.5.1 Tiltak for bruk og betre landskapsoppleving

Sidan gjeldane konsesjon blei gitt har forholdet til natur og friluftsliv endra seg mykje. Når allmenne omsyn skal vurderast er friluftsliv og landskapsoppleving derfor viktig. Målet må vere at ein ny konsesjon ikkje berre skal unngå å gjere mulighetene for friluftsliv og landskapsoppleving dårlegare, men tvert om gjer det betre enn i dag.

#### Landskap, friluftsliv og reiseliv i utgreiingsprogrammet

Som ein del av avtalt utgreiingsprogram mellom Hydro og kommunane blir det gjennomført ei utgreiing som skal kartlegge viktige landskapskvaliteter, samt bruken av reguleringsområdet til friluftsliv og reiseliv. Utgreiinga skal vurdere og foreslå avbøtande tiltak for å redusere utbygginga sine konsekvensar for dei nemnte interessene.

Jamfør vårt innspel til utgreiingsprogrammet forventar kommunane at blant anna følgjande problemstillingar inngår i vurderingane og forslag til tiltak:

- Korleis reguleringsreglement, minstevassføring og biotopjusterande tiltak (t.d. terskler) best mogleg kan vere tilpassa landskapsoppleving/turisme (særleg vekt på Røldalsvatnet, Novlefoss og sentrale elvestrekningar)



- Korleis ein skal sikre permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda
- Holmavassåno går vinteropen og er vanskeleg å krysse for både folk og dyr
- Kvanndalsmagasinet er utrygg og vanskeleg og ferdast på vintertid
- Etablert kløvveg på nordsida av Kvanndalsmagasinet fungerer dårleg
- Rasfarleg/usikker vinterveg i Gardabakken, Kvamsnuten og Konstøldalen
- Anleggsveg mellom Bleskestad og Holmevatn har ferister som sauene hoppar over
- Rehabilitering av Finnabudammen gjer at båthuset no ligg i ei snøhola. Forholda er i ferd med å ta knekken på bygget
- Ved Grubbedalstjønnane har utbygging/oppdemming av gamle ferdavegar ført til vanskelege og til dels farleg sti/veg
- Fleire stadar er det problem med erosjon og forringing av landskapsbilde. Dette må kartleggast med vurderingar og etterfølgjande tiltak. «Avregulering» og «naturleg» avrenning av Isvatnet til Sandvatnet (Kvanndalen landskapsvernområde) må vurderast
- Her finst vegskråningar og tippar som ikkje er plastra/dekt til. Vurdering og tiltak

Nokre av punkta ovanfor blir nærare omtalt nedanfor.

### 2.5.2 Endring av reguleringsregimet for Isvatnet (Suldal)

Nedbørfeltet til Isvatnet er 1,7 km<sup>2</sup> og permanent overført frå Kvanndal til Sandvatn. Vatnet er 10 meter regulert ved senking (1285-1295). Nokre veker om vinteren blir magasinet tappa gjennom ope elveleie via Nedre Djupetjønn og Litlavatnet til Sandvatn. Dette fører til stor årleg vassauke i elva og Litlavatnet. Dette medfører erosjon langs elva i Litlavassbotn og i strandsona når vatnet finn vegen gjennom snø og lausmassar. Erosjonen i Litlavatnet si strandsona har auka vesentleg dei siste åra, kan hende på grunn av at den mellombelse nivåauken er større enn før.

Det ville vere ein stor fordel for natur og friluftsliv om avlaupet frå Isvatnet får renna «naturleg» til Sandvatnet. Området inngår i Kvanndalen landskapsvernområde der føremålet med vernet blant anna er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur<sup>9</sup>. Med ein viss rett kunne ein seie at areal utan naturinngrep ville auka. Kraftproduksjonen ville i stor grad kunne bli oppretthalden. Fordelen med å sløyfe reguleringa av Isvatnet vil derfor kunne vurderast å vere større enn ulempane.

### 2.5.3 Ferdsel over og ved reguleringsmagasinet Kvanndalsdammen (Suldal)

#### Transport på vinterstid

Kvanndalsdammen er farleg å bruka til ferdsel på isen. Dette gjeld skigåing så vel som snøskuter. Dette har medført at transport av saltstein, proviant og ved til stølar og hyttene i Kvanndalen blir vanskeleg og gjennomføre. Det er og døme på at ein har vore nøydte til å køyre rundt Sandvatnet-Holmavatnet-Isvatnet for å komme ned i Kvanndalen. At nyttetransport til Kvanndalen må leggast gjennom store delar av Holmavassåno biotopvernområde og Kvanndalen landskapsvernområde er ein svært uheldig situasjon. Dette medfører ei auke av motorferdsla i dei to verneområda, og aukar faren for forstyrring av villreinen i området.

---

<sup>9</sup> [Forskrift om vern av Kvanndalen landskapsvernområde med plantelivsfreding, Suldal kommune, Rogaland.](#)

Mykje av årsaka til dei dårleg istilhøva ligg ei dei hyppige endringane vasstanden i Kvanndalsmagasinet. Isen inn mot land får ikkje tid til å legge seg skikkeleg slik at det oppstår ei råk langs kanten på heile magasinet. Ein reknar med at ei utvikling i retning av stadig mildare vintre, vil forsterke dette problemet. Ei løysing kan vere å halda stabil vasstand i ein frostperiode, til dømes ei veke i februar månad.

#### Utbetring og omlegging av kløvveg langs Kvanndalsmagasinet

På grunn av dei hyppige vasstandsendingane, også om sommaren, er bruk av båt på magasinet særskilt vanskeleg. Strandsona i aust kan då forskyva seg fleire 100 meter på få timar.

Også ferdsel til fots er problematisk. Etter reguleringa i 1967 vart det etablert ein ny om lag 2 km lang kløvje- og drifteveg på nordsida av Kvanndalsmagasinet. Den vestre delen av denne fungerer godt nok, men den austre strekninga ned mot stølen Fleso går høgt, er svært bratt og ustabil. Vegen fungerer altså svært dårleg.

Det bør derfor opparbeidast ein betre trase nærare vatnet. Dette vil vere ein fordel både for landbruksdrifta og friluftslivet. Ferdsel med båt er ikkje noko alternativ, jamfør omtale ovanfor. Omlegging av stien må eventuelt skje i verneområdet for Kvanndalen. Tiltaket bør derfor bli utgreidd og trasedetaljane bør drøftast nærare mellom konsesjonshavar, verneområdeforvaltar, kommune og brukarane av Kvanndalen.

#### 2.5.4 Valldalen (Odda)

Som resultat av oppdemming av Valldalen ble tilgangen til store private eiendommer vanskeliggjort. Spesielt gjelder dette vinterstid. En må her sikre permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda sommar og vinter.

En må vurdere dagens manøvreringsreglement for Valldalsmagasinet i forhold til oppdaterte klimaprognoser med påslag og tilhørende flomberegninger for å optimalisere flomsikring frå Valldalen til Brattlandsdalen.

#### 2.5.5 Novlefoss (Odda)

I løpet av de nærmeste 5-6 åra vil tunellen mellom Hesjabakk og Liamyrane være ferdig (E134). På veg østover vil en få den idag tørrlagte Novlefoss midt imot. Fossen slik den var før kraftutbygginga, ville ha vært en stor turistattraksjon når det nye vegsambandet står klart.

En må tilpassa vannføring i Novlefoss etter en totalvurdering med grunnlag i resultatene av O/U. Målsetting for dette er at Novlefoss blir et markert innslag i landskapsbildet sett fra den nye vegen over Liamyrane.

#### 2.5.6 Røldalsmagasinet (Odda)

En må revidere magasinutfylling for Røldalsvatnet med mål om å optimalisere fyllingsperiode og gjøre det mer forutsigbart for å legge til rette med friluftstilbud/næring som mangler både for turister og lokalbefolkningen. Røldalsvatnet som del av flomsikringen må dog være en viktig del av slik revisjon.

## 2.5.7 Anleggsvegane: Tiltak for å gjere åtkomsten til fjells betre og sikrare (Suldal)

### Gardabakken, Jordebrekkljo

Anleggsvegen i Jordebrekkljo er svært rasutsett på strekninga Gardabakken. Allmenta, grunneigarar og Hydro må bruke denne farlege vegen. Vegen er sikra mot steinras. Som vinterveg er han ikkje tilfredsstillande. Det går stadig snøras og dersom ikkje snøen er planert på vegbana er det farleg å ferdast i denne bakken særleg med snøskuter eller anna køyretøy. Me vil be om at Hydro får vurdert to alternativ for å betre dagens situasjon.

1) Eit alternativ er å behalda vegen omtrent som i dag, men på den rasutsette strekninga må det byggast eit snøoverbygg som hindrar at dei farlege snørasa gjennom vinteren stenger vegen. Eit sprinkeltak kan sleppa snø igjennom for å betra vinterføret. Ein må få ein fastare praksis der vegen blir oftare planert, slik at vinterferdsla på vegen ovanfor rasoverbygget blir sikrast mogleg.

2) Eit anna alternativ er å etablere ein fast vinterveg omtrent i den gamle stitraseen opp Gardabakken. Her er det bratt, men me trur ikkje der er rasfarleg. Denne traseen må ryddast litt med gravemaskin, særleg i øvre del av bakken. Bruk av trakkemaskin vil og vere naudsynt om dette blir vintervegen.

### Kvamsnuten, Nesdalen

Anleggsvegen går på denne strekninga i ei bratt li som er rasfarleg heile året. Jordras, steinsprang og snøras gjer ferdsel farleg. Brukarar er tilsette i Hydro, grunneigarar og allmenta. Me vil be om at Hydro greier ut kva tiltak som er naudsynt for å sikre vegen. Truleg er rasoverbygg kombinert med tilsyn og planeringstiltak om vinteren ei tilstrekkeleg løysing. Overbygget kan gjerne ha eit sprinkla tak for å sleppe litt snø gjennom vinterstid.

### Konstøldalsleitet, Finnabuvegen over Vasstølsvatnet

Vinterferdsla på anleggsvegen her er blitt farlegare etter bygging av Vasstøl kraftverk. Årsaka er at vinterstid bygger snøen opp ein langsgåande skråbakke i ein sving nord for vatnet. På grunn av dei skrå sidene er skuterkjøring farleg. Før kraftverket blei bygt kunne ein køyre innover nede på isen på Vasstølsvatnet, men nå er isen farleg på grunn av utsleppet frå kraftstasjonen. Ein må her vurdere tiltak for å betre tryggleiken for trafikantane. Oftare bruk av trakkemaskin vil vera til god hjelp.

### Damkrona på Kvanndalsfoss

Problemstillinga er den same som for Konstøldalsleitet. Ein skarp snørygg bygger seg opp på damkrona. Isen på dammen kan ikkje brukast til ferdsel. Ferdsel på damkrona blir da farleg både for skituristar og snøskuterar. Bruk av trakkemaskin er også her eit godt avbøtande tiltak.

## 2.5.8 Ferister som gjerding (Suldal)

I nedre del av anleggsvegen frå Jordebrekkljo til Sandvatn er det to ferister, ved Hagen og Brautene. Desse feristene er så smale og ubrukelege at dei ikkje gjerder for sau. Avstanden mellom kantskinnene er for lita med berre 1,75 m. Derfor er det grind over feristene som må opnast og lukkast av trafikantane heile beitesesongen. I periodar blir grindene ståande opne, mellom anna når det har vore mykje anleggstrafikk.

Me ber derfor om at Hydro greier ut korleis feristene kan endrast for tene føremålet. Me antar at avstanden mellom endeskinnene må aukast 50 % til 2,4 m, dvs at grava er 2,6 m. Sidegjerder kan hindra at dyra passerar i enden av grava. Alternativt kan ein prøve å stenge dagens ferist ved

Brautene med vatn som spruter ut av ein perforert slange. Trykkvatn er i Havrevassåno, ca 300 m borte.

#### 2.5.9 Tilrettelegging for det enkle friluftslivet

Inngrepene i naturen knyttet til kraftutbyggingen i Røldal og Suldal har gitt ulemper for det alminnelige friluftslivet i disse fantastiske fjellområdene. Det er gjort noe tilrettelegging og utbedring/merking av turstier i de aktuelle områdene.

Revisjonskrav: Konesjonær betaler samlet 200.000 pr. år til tilrettelegging for det enkle friluftslivet i nedslagsfeltet.

#### 2.5.10 Landskap, friluftsliv og reiseliv i utgreiingsprogrammet

Som ein del av avtalt utgreiingsprogram mellom Hydro og kommunane blir det no gjennomført ei utgreiing som skal kartlegge viktige landskapskvaliteter, samt bruken av reguleringsområdet til friluftsliv og reiseliv. Utgreiinga skal vurdere og foreslå avbøtande tiltak for å redusere utbygginga sine konsekvensar for dei nemnte interessene, basert på kost/nytte vurderingar.

#### 2.5.11 Oppsummering av krav

Ein må følgje opp vurderingar og forslag til tiltak som blir gitt som resultat av utgreiingsprogrammet. Me viser her særleg til dei emna gitt i punktliste ovanfor (2.5.1)

Ein må endre reguleringsregimet for Isvatnet ved å la vatnet renne «naturleg» til Sandvatnet. Dette vil gi auka biologisk produksjon og gi ein mindre skjemmaende reguleringsone i Isvatnet, samt mindre erosjonsproblem i elva og i Litlavatnet. Område er verna som landskapsvernområde.

Ein må finne ei løysing med vintertransport inn Kvanndalen. På grunn av dårlege isforhold er ikkje forholda tilfredsstillande i dag.

Det må opparbeidast ein betre sti/drifteveg langs Kvanndalsmagasinet.

Ein må sikre permanent tilgang til Valldalen og vidare til Hardangervidda heile året.

Ein må vurdere dagens manøvreringsreglement for Valldalsmagasinet i forhold til oppdaterte klimaprognoiser med påslag og tilhøyrande flomberekningar for å optimalisere flomsikring frå Valldalen til Brattlandsdalen.

Tilpassa vassføring i Novlefoss med målsetting at fossen blir eit markert innslag i landskapsbildet sett frå den nye vegen over Liamyrane.

Vinterferdsla er utrygg og vanskeleg fleire stader. Problema ved Gardabakken, Kvamsnuten, Konstøldalsleitet og damkrona på Kvanndalsfoss må løysast gjennom effektive og gode tiltak.

Ferister på anleggsveg må ordnast slik at dei tener til formålet.

Konesjonær betaler samla 200.000 pr. år til tilrettelegging for det enkle friluftslivet i nedslagsfeltet.

### 3 Konesjonssøker sitt lokalsamfunnsansvar (CSR)

Bedriftens samfunnsansvar kan defineres som bedriftens integrasjon av sosiale og miljømessige hensyn i sin daglige drift på frivillig basis. Samfunnsansvar handler i hovedsak om å ta sosiale og miljømessige hensyn ut over det som er pålagt ved lov. Hydro energi er avhengig av kompetent arbeidskraft og er et firma som er svært viktig i utvikling av de lokalsamfunnene de har sin virksomhet i. Med de utfordringene som er mht. opprettholdelse av mindre bygdesamfunn, er det spesielt viktig å fokusere på å gjøre disse lokalsamfunnene attraktive for bosetting og dermed sikre fagkompetanse for drift av kraftselskapet i området.

Samfunnsansvar kan også sees på som en strategi som benyttes for å vinne kritikere og komme på god fot med lokalbefolkningen der de opererer. Det å sikre bærekraftig utvikling i lokalsamfunnet kan være en garanti for bærekraftig vekst i bedriften. Oppmerksomheten rundt samfunnsansvar i næringslivet er økende, både i Norge og globalt. Bedrifter spiller viktige samfunnsroller og påvirker samfunnsutviklingen der de opererer, og det å ha en bevisst holdning til samfunnsansvar skaper gode arbeidsforhold, gir et godt renommé og leder til fornøyde kunder.

Oppsummering:

Vi oppfordrer konsesjonæren for kraftproduksjonen i Røldal-Suldal å være i front som selskap som har lokalsamfunnsansvar som ledetråd for drift og utvikling av kraftproduksjonen i Røldal-Suldal.

### 4 Prioriteringar

I retningslinjene for revisjon står det at det vil vere ein stor fordel for det vidare arbeidet om krava blir framsett i prioritert rekkjefølgje. Det finn me vanskeleg då tema, kostnad og geografi blir vanskeleg å sette opp mot kvarandre.

I revisjonsprosessen vil kunnskapsgrunnlaget auke. Dette blir viktig for å kunne vurdere og konkludere med konkrete tiltak som til døme biotopjustering og storleik på minstevassføring. Ny kunnskap i revisjonsprosessen kan også medføre at kommunane på vegne av allmenne interesser vil kunne endre sine krav eller komme med nye.

### 5 Vedlegg

Avtale mellom Hydro og kommunane om ein utgreiingsplan.

# AVTALE

Mellom Suldal kommune, Odda kommune og Hydro Energi AS er det i dag inngått slik avtale:

## 1. Bakgrunn og formål

Ervervs- og reguleringskonsesjonene for Røldal-Suldal-anleggene utløper etter sin ordlyd den 21.12.2022. Hydro Energi AS er operatør for og majoritetseier av anleggene, og er i gang med en prosess der målsettingen er å etablere en eierskapsløsning for anleggene som vil innebære at reguleringskonsesjonene kan omgjøres til tidsubegrensede konsesjoner i medhold av vassdragsreguleringsloven § 9. En omgjøring til tidsubegrensede reguleringskonsesjoner vil samtidig gi Suldal og Odda kommuner adgang til å kreve revisjon av konsesjonsvilkårene i medhold av vassdragsreguleringslovens § 8 3. ledd.

En revisjonsprosess vil nødvendiggjøre kartlegging, innhenting av data og analyse av behov og muligheter for endringer av vilkårene, innenfor lovens rammer og Olje- og energidepartementets retningslinjer for revisjonssaker av 25.05.2012. Formålet med denne avtalen er å legge til rette for samarbeid og dialog mellom Hydro Energi AS og Suldal og Odda kommuner i denne kartleggings- og utredningsfasen.

Den overordnede målsettingen er å legge til rette for en god og effektiv felles prosess frem mot en eventuell revisjon av konsesjonsvilkårene. Partene er innforstått med at hovedformålet med en eventuell revisjon vil være å bedre miljøforholdene i de regulerte vassdragene. Hovedfokuset for utredningsarbeidet og videre prosess vil derfor være å vurdere behovet for modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkårene når det gjelder miljø og andre allmenne interesser.

## 2. Utredningsplan

Partene er enige om å etablere en omforent utredningsplan, som skal angi hvilke problemstillinger/forhold som skal utredes nærmere, samt organisering av og ønsket tidsplan for gjennomføring av utredningene. Utredningsplanen vil dekke relevante allmenne brukerinteresser knyttet til Røldal-Suldalanleggene innenfor reguleringsområdet, og skal begrenses til fagfelt og problemstillinger som normalt inngår i revisjonssaker.

Som ledd i dette oversender Suldal og Odda kommuner til Hydro Energi AS begrunnede forslag til hvilke forhold som bør utredes og av hvem. Kommunene påtar seg samtidig å innhente, strukturere og videreformidle innspill fra øvrige lokale interesser. De vesentligste innspillene fra kommunene, som er basert på innhentede synspunkter fra relevante brukergrupper lokalt, ble oversendt Hydro Energi AS 26. januar 2018. Kommunene kan ved behov komme med innspill til utredningstemaer senere i prosessen.

Basert på innspillene fra kommunene og på egne synspunkter vil Hydro Energi AS utarbeide et forslag til utredningsplan. Utredningsplanen skal så konkret som mulig angi hvilke undersøkelser som skal iverksettes, hvem som kan utføre dem og tidsplan for gjennomføring av undersøkelsene. Forslaget skal så vidt mulig oversendes Suldal og Odda kommuner innen 1. juni 2018.



Med utgangspunkt i det oversendte forslag fastsetter deretter partene i fellesskap den endelige utredningsplanen. For det tilfellet at det ikke lykkes partene å komme til enighet om alle elementer i en slik plan, er partene likevel enige om å gjennomføre de punkter i planen som det er enighet om.

### **3. Gjennomføring**

Hydro Energi AS skal iverksette og følge opp gjennomføring av utredningsplanen. Kommunene skal bidra med nødvendig tilrettelegging for gjennomføring av utredningsplanen, herunder koordinering av brukerinteresser.

### **4. Evaluering og videre dialog**

Så snart utredningsplanen eller sentrale deler av den er gjennomført, skal partene komme sammen for å evaluere resultatene og ha en videre dialog om prosess og mulige løsninger på de problemstillinger som utredningene har belyst.

### **5. Forholdet til konsesjonsmyndigheten**

Partene er innforstått med at det er konsesjonsmyndighetene som avgjør hvilke undersøkelser som skal gjennomføres som ledd i en revisjonssak etter vassdragsreguleringslovens § 8. Partene er videre innforstått med at konsesjonsmyndigheten ved fastsettelsen av eventuelle nye vilkår ikke er bundet av avtale mellom konsesjonær og vertskommunene. Hydro Energi AS sørger for nødvendig dialog med konsesjonsmyndighetene i tilknytning til utredningsarbeidet omhandlet i denne avtalen. Kommunene vil bli holdt orientert om dette.

### **6. Kostnader**

Utarbeidelse og gjennomføring av utredningsplanen forutsettes ikke å medføre behov for kommunene for å engasjere eksterne sakkyndige. Dersom det likevel skulle vise seg at gjennomføring av avtalen påfører kommunene utgifter til nødvendig ekstern sakkyndig bistand, er Hydro Energi AS villig til å dekke slike utgifter i tråd med Hydros retningslinjer og innenfor rammen av vassdragsreguleringsloven § 13.

Under gjennomføringen av avtalen vil det kunne oppstå spørsmål hvor kommunene vil ønske å knytte til seg juridisk bistand. Hydro vil ved slike anledninger dekke nødvendige utgifter til juridisk bistand i rimelig utstrekning, og etter nærmere avtale. Dersom dette skjer på et tidspunkt før revisjonssak er åpnet, er det en forutsetning at dette er kostnader som anses uansett å ville ha påløpt etter åpning av revisjon, og at en unngår dobbeltfakturering. Spørsmål om og omfanget av slik kostnadsdekning avklares med Hydro før arbeidet utføres.

### **7. Betydningen av endret eierstruktur**

Som angitt under pkt. 1, forutsetter denne avtale at eierskapet til Røldal-Suldal-anleggene endres slik at reguleringskonsesjonene omgjøres til tidsubegrensede konsesjoner. Krav om revisjon av vilkår må dermed rettes mot ny konsesjonær etter at reguleringskonsesjonene er omgjort til tidsubegrensede konsesjoner. Hydro Energi AS kan ikke inngå avtaler om innholdet i nye vilkår eller andre forhold som forplikter senere eiere av anleggene. Hydro Energi AS forplikter seg til å informere ny konsesjonær om nærværende avtale og de resultater i form av utredninger og omforente syn på eventuelle nye konsesjonsvilkår som måtte bli oppnådd mellom partene. Hydro Energi AS vil som ledd i dialogen med konsesjonsmyndighetene nevnt under punkt 5 også informere om nærværende avtale og den

enighet som måtte bli oppnådd mellom partene. Partene er imidlertid innforstått med at ny konsesjonær vil kunne ha andre synspunkter på innholdet av eventuelle nye konsesjonsvilkår enn det Hydro Energi AS og kommunene har.

Kommunene er opptatte av at et fremtidig eierskifte til Røldal-Suldal anleggene ikke forsinkes av miljøforbedringer som det måtte oppnås enighet om og som gis tilslutning fra konsesjonsmyndighetene. Kommunene forbeholder seg å kunne rette en henvendelse til konsesjonsmyndighetene om åpning av revisjon uavhengig av denne avtalen. Av hensyn til samarbeidet som etableres gjennom denne avtalen skal kommunene dog orientere Hydro før slik henvendelse eventuelt rettes mot konsesjonsmyndighetene, og holde Hydro orientert om hovedpunktene i innholdet og utfallet av henvendelsen.

## 8. Kontakter

All kommunikasjon knyttet til forhold som omfattes av denne avtalen skal rettes til følgende personer:

| For Hydro Energi AS: |                         | For Odda kommune: |  | For Suldal kommune: |                                    |
|----------------------|-------------------------|-------------------|--|---------------------|------------------------------------|
| Navn:                | Stein Øvstebø           | Navn:             | Ole Jørgen Jondahl                     | Navn:               | Øyvind Valen                       |
| Epost:               | Stein.ovstebo@hydro.com | Epost:            | ole.jorgen.jondahl@<br>odda.kommune.no | Epost:              | oyvind.valen@<br>suldal.kommune.no |
| Telefon:             | 410 43 629              | Telefon:          | 97 55 84 71                            | Telefon:            | 950 51 159                         |

## 9. Varighet

Denne avtalen trer i kraft på det tidspunkt den er signert av alle parter og utløper automatisk tre måneder etter at utredningsarbeidet i henhold til utredningsplanen er avsluttet, dog senest 1.1.2021.


Avtalen bortfaller automatisk på det tidspunkt Hydro Energi AS ikke lenger er majoritetseier av Røldal-Suldal-anleggene.

Denne avtale er opprettet i tre eksemplarer, ett til hver av partene.

\*\*\*

**For Hydro Energi AS**

Dato: 2/5-2018


  
Signatur

Navn: Jan Helge Mårdalen

Tittel: Daglig leder

**For Odda kommune**

Dato: 15/5-18


  
Signatur

Navn: Ole Jørgen Jondahl

Tittel: Rådmann

**For Suldal kommune**

Dato: 8/5-18

  
Signatur

Navn: ØYVIND VALEN

Tittel: Rådmann